

Til  
Kultur- og Kyrkjedepartementet  
Oslo

## Svar til høyring – Utkast til endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste

Jamfør høyringsbrev dagsett 18. april 2006.

Nynorsklaget står ikkje på lista over høyringsinstansar, men vi ynskjer likevel å komme med nokre merknader til temaet om målbruk i offentleg teneste.

Nynorsklaget er samd med Departementet i at det er naudsynt å forskriftsfesta ansvaret for å rapportera målbruken i organet.

Likevel vil vi spørja om det framleis ikkje skal vera sanksjonar mot brot på mållova, korleis dei eventuelt skal gjennomførast og kven som eventuelt skal reagere mot dei organ som ikkje har interne instruksar eller ikkje rapporterar sakssvarande.

Nynorsklaget undrar seg over at måten det skal rapporterast på, ikkje skal inn i forskrifta. Skal denne rapporteringa kunne samlast til ein adekvat nasjonal statistikk, må formatet på rapporteringa vere eins.

Nynorsklaget er redd for at det vedlagte reknearket er for arbeidskrevjande for dei fleste organa. Anten må den som skriv dokumentet eller den som publiserer dokumentet syte for at det blir registrert i nemnde rekneark. Dette verkar så arbeidskrevjande at vi er redde for at ordninga ikkje vil bli fylgt opp i praksis.

Departementet seier i høyringsbrevet:

*Vi vil likevel tilrå at dei pålagde rutinane og sjølvje registreringssystemet blir innretta slik at alle aktuelle dokument kan registrerast fortløypande, dvs. etter kvart som dei blir publiserte, anten dette skjer ved at eit papirdokument blir sendt ut, eller ved at dokumentet blir lagt ut på heimesida til organet.*

Nynorsklaget vil peike på at desse dokumenta likevel skal registerast i journalen til organet. Derfor vil det vera enklare å knytta registrering av målbruk i dokumentet til ein registreringsprosess som alt er institusjonalisert i organet.

Dette kunne også takast inn i Arkivforskrifta for offentlege arkiv. For å få til einskapleg format i rapporteringa kunne denne funksjonen omtalast i NOARK stanadarden, sidan ny versjon 5 er venta juni 2007.

Tromsø/Stavanger/Oslo den 15. juli 2006

For Nynorsklaget  
etter fullmakt  
Bjørn Kvalsvik Nicolaysen  
Geir Magnus Walderhaug